



**BREMANGER KOMMUNE**  
**Sakspapir**

<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Sakshands.</b>
Kommunestyret	032/14	IH

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksansv.:</b> Tom Joensen	<b>Arkiv:</b> K3-&13, K2-S05	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/91
---	---------------------------------	------------------------------

**SFE Nett AS. 132 kV ytre ring Nordfjord. Høring av endra konsesjonssøknad.**

**Dokumentliste:**

<b>Nr.</b>	<b>T.</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
40	U	11.04.2013	nve@nve.no,	132 kV ytre ring Nordfjord - Høringsuttale frå Bremanger kommune
41	I	15.04.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Idar Sagen	Bremanger kommune sin uttale til 132 kV linje Ytre ring Nordfjord.
42	I	13.09.2013	SFE Nett As v/ Atle Isaksen	Orientering til mulig berørte grunneigarar
43	I	07.04.2014	Norges Vassdrags og energidirektorat v/ Matilde Anker	SFE Nett AS. 132 kV ytre ring Nordfjord. Høring av tilleggssøknad og invitasjon til møte.
47	I	14.04.2014	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen Kystverket	Høring av tilleggssøknad - 132 kV ytre ring Nordfjord - Sogn og Fjordane fylke
44	I	04.05.2014	Norges Vassdrags og energidirektorat v/ Matilde Anker	SFE Nett AS. 132 kV ytre ring Nordfjord. Høring av tilleggssøknad
46	U	15.05.2014	NVE	Utsett høringsfrist Tilleggssøknad for 132 kV ytre ring Nordfjord
45	I	16.05.2014	NVE	Utsett høringsfrist Tilleggssøknad for 132 kV ytre ring Nordfjord
48	I	30.05.2014	Idar Sagen	Bremanger kommune sin uttale til 132 kV kraftlinje Ytre ring Nordfjord.
50	I	05.06.2014	Anker Matilde	Oversending av høringsuttale
51	I	08.06.2014	Kolset krins utviklingslag	Høringsfråsegn frå Kolset Krins Utviklingslag
53	I	10.06.2014	Forum for Natur og Friluftsliv v/Ove Eliassen	Høringsfråsegn tilleggssøknad for ny 132kV ytre ring Y Nordfjord
52	I	10.06.2014	Elevrådet v/ Kolset oppvekst	Høringsfråsegn frå elevrådet ved Kolset oppvekst

## **Vedlegg :**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
87438	merknader i saka pr 05.06.14.pdf
87439	Fråsegn frå elevrådet ved Kolset oppvekst.pdf

Merknader kommunen har motteke pr 10.06.14. For konsesjonssøknad: sjå NVE sine heimesider (NVE – Konsesjoner – Nett – Kraftledninger og transformatorstasjoner – Oversikt over saker – vel «Bremanger», der ligg sak «132kV ytre ring Nordfjord»)

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Bremanger kommune ynskjer at behovet for forsyningstryggleik nordside ytre Nordfjord blir løyst ved forsterking av eksisterande 132kV-line Myklebust/Ålfoten – Otteren – Maurstad og vidare jfr alternativ 1.0 i tidlegare konsesjonssøknad; Bryggja – Storevatnet aust for Almenningsfjellet

2 Dersom pkt 1 ikkje er mogeleg, bed ein om at alt 4.0, Ålfoten – Deknepollen, blir valt med trasèane 4.0 og 4.1. Alternativ trasè 4.2 må skrinleggjast.

a Ved Storøyna og Rugsund handelsstad må det leggjast vekt på høvesvis best mogeleg tilpassing til vedteken kommunedelplan for Storøyna, og best mogeleg estetisk tilpassing til kulturmiljøet kring handelsstaden. Badeplass ved Skorpepollen må skjermast for inngrep.

b Dersom det skulle bli aktuelt med 132kV-line til Bremangerlandet, bør denne kablast over Skatestraumen. På Bremangerlandet bør alt 1.0A - 1.0 – 2.0, ved Svorasåta, veljast.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Energilova. Vassdragslova. Plan- og bygningslova

### **Saka gjeld:**

Kommunen si råsegn til konsesjonssøknad frå SFE Nett AS, 132 kV ytre ring Nordfjord. Den aktuelle saka er ei tilleggsutgreiing av endringar i konsesjonssøknaden for 132 kV ytre ring Nordfjord. Endringane er gjort i etterkant av første høyring av konsesjonssaka, etter høyringsmerknader og påfølgjande krav frå NVE om utgreiing av nye løysingar.

### **Saksopplysningar:**

Eit nytt samband mellom Ålfoten og Deknepollen er grunngeve med behov for auka forsyningstryggleik i ytre Nordfjord, medan radielle løysingar til Hennøya og Bremangerlandet skal kople til mogeleg ny energiproduksjon frå planlagde vindkraftverk. Eit nytt samband mellom Svelgen og Ålfoten, som erstattar eksisterande 132kV stålmastleidning, er utløyst av planlagd vindkraftproduksjon på Guleslettene.

SFE vurderer den nye søknaden til å vere betre enn den første, og fleire av dei tidlegare trasèane er difor trekte også av tekniske og økonomiske grunnar, i tillegg til miljømessige omsyn. I den nye søknaden er såleis alternativa via Berle og over Frøysjøen til Omvendeskaret/Hennøya, tekne ut. Det er og trasèen på nordsida av Nordfjorden; 1.0, mellom Bryggja og Storevatnet ved Almenningsfjellet. Dei nye vurderingane til SFE framhevar no ei løysing med 132 kV-line mellom Ålfoten og Deknepollen, nettopp grunna forsyningstryggleik for nordsida av ytre Nordfjord. Dette gjev nye trasèalternativ frå Ålfoten transformatorstasjon via Bortnen, Rugsund og Rugsundsøya fram til Bremangerlandet.

Alternativ 4.0 går frå Ålfoten transformatorstasjon via Bortnen, Storøyna i Rugsund, nordsida av Rugsundøya. Derifrå går alt 4.0. nordover til Deknepollen og vestover til Bremangerlandet. På Bremangerlandet er det to alternative trasèar via Svorasota; 2.0 og 2.1A, fram til trasè 1.0A som endar i ny plassering for transformatorstasjon (C) ved Blandevatnet. Det er alternative trasèar over Bortnen (4.1), og over Rugsundet via Kolset og vidare på sørsida av Rugsundøya (4.2).

Konsekvensutgreiinga vurderer dei alternative trasèane 4.1 og 4.2 som betre enn 4.0, for dei strekningane der desse gjeld (høvesvis Bortnen og Kolset – sørsida Rugsundøy). For landskap og fritidshus har 4.2 minst uheldige konsekvensar, men dette alternativet er mindre positivt i høve kulturminne, friluftsliv og landbruk. På Bremangerlandet er alt 2.0 – 1.0 -1.0A best i høve viktige omsyn som kultuminne, fugl og friluftsliv. SFE ser på trasè 4.0 og dei alternative delstrekningane 4.1 og 4.2 som likeverdige, og legg dei difor fram utan prioritering.

### **Vurdering:**

Kommunen har fått tilsendt andre innkomne merknader til konsesjonssøknaden. Det ligg mellom anna føre felles merknader frå grunneigarar på Rugsundøy, fråsegn frå Kolset krins utviklingslag og grunneigarar i Blålida og på Lofnes. Merknadene frå vår kommune er prega av ynskje om å prioritere ei 132kV-løysing som går via forsterka nett nordover til Otteren, og vidare på nordsida av Nordfjorden vestover til Deknepollen. Dersom det blir aktuelt med vindkraftutbygging på Bremangerlandet, kan det så først line dit frå Deknepollen. Bakgrunnen for synspunktet er at sidan behovet for forsterka forsyningskapasitet er på nordsida av Nordfjorden, bør også tiltaka gjerast der, langs eksisterande kraftlinetrasèar jfr den første konsesjonssøknaden. Dette er eit sikkert straumbehov, samstundes som det er uvisst om det blir behov for 132kV-line til Bremangerlandet i det heile, sidan denne er avhengig av mogeleg vindkraftutbygging.

Forsterking av line til Otteren vil gå i eksisterande kraftlinetrasè, og konfliktane med f.eks busetnad vil vere mindre enn det nye alternativet 4.0, Ålfoten – Deknepollen. Dei nye trasèane 4.0 og 4.2. går til dels gjennom nye område, sjølv om det er lagt vekt på felles lineføring. 4.1 gjennom Bortnen blir framheva som best, sidan det her knyter seg til eksisterande liner. Konflikt med urøvyt landskap og friluftsliv er større ved den austre trasèen i Bortnen, del av 4.0.

Ved Blålida er det konflikt med busetnad og eit friluftsområde som er mykje brukt av grenda.

For 4.2 knyter det seg stor konflikt i høve grenda på Kolset; her er det skule/barnehage/grendahus, båthamn, og bustadfelt med planlagt utviding. Vidare vestover på Rugsundøy er lina i konflikt med omsyn særleg til kulturmiljø og landskap, friluftsliv og reiseliv. Området kring Skatestraumen og Hornelen har nasjonale verdier i så måte. Den nordlege trasèen over Rugsund og Rugsundøy kjem i konflikt med kulturmiljø som Rugsund handelsstad, og vidare vestover med til dels urøvyde naturområde. Desse ulempane må ein freiste å avbøte, jfr innspel frå grunneigarar og KKU. For området ved Skorpa er det særleg vist til badeplass Skorpepollen, som ein må leggje vekt på å ta vare på.

I høve luftspenn over Skatestraumen, er det ulempar i høve landskap, reiseliv, fugl. Dette kan avbøtast ved leggjing av sjøpkabel.

### **Konklusjon:**

Det bør veljast ei løysing med forsterking av 132kV-lina Myklebust/Ålfoten – Otteren til Maurstad, og vidare vestover på nordsida av Nordfjorden, jfr første konsesjonssøknad alt 1.0 Bryggja – Storevatnet ved Almeningsfjellet. Dersom denne løysinga ikkje blir valt, må det for Ålfoten – Deknepollen veljast deltrasè 4.1, medan 4.2 *ikkje* må veljast. Ved Rugsund handelsstad og Storøyna må det leggjast vekt på høvesvis best mogeleg tilpassing til vedteken kommunedelplan for Storøyna, og best mogeleg estetisk tilpassing til kulturmiljøet kring handelsstaden. Badeplass ved Skorpepollen må skjermast for inngrep. Mogleg

132kV-line til Bremangerlandet bør kablast over Skatestraumen. På Bremangerlandet bør alt 1.0A - 1.0 – 2.0 veljast.

.....